

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016**

**Elizabeth Toft Erichsen (V)** sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med følgjande merknader:

- Fylkesutvalet merkar seg at dersom Udir skulle få ei meir formell rolle i utviklinga av lærarutdanninga, så vil dette vere ei radikal endring i tenkinga rundt høgare utdanning.
- Fylkesutvalet meiner at ansvaret for arbeidet med rettleiing og rådgiving mot skular og barnehagar framleis skal ligge i Udir, og det kan vere behov for å styrke denne delen av Udir. Dette for å sikre at fylkeskommunar og kommunar framleis får same oppfølging, og at arbeidet med kvalitet og utvikling skulle vere samla i eit større organ.
- Fylkesutvalet meiner at tilnærminga til internasjonalisering som ein integrert del av utdanning og forsking ikkje vil bli like synleg dersom oppgåvene blir delte på fleire organ. Fylkesutvalet meiner at SIU bør vidareførast som i dag og bli tildelt fleire oppgåver, som til dømes godkjenning av utanlandsk utdanning. I eit regionalt perspektiv vurderer fylkesutvalet det også som viktig å halde på kompetansen og arbeidsplassane knytt til SIU si verkemd.”

Erichsen trekte forslaget sitt.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med dei merknadene som går fram av saksframlegget.